



FJELL KOMMUNE

Rådmannen

MOTTATT

12 JAN 2014

Fagdirektør Baard-Christian Schem

Postboks 303 Forus
4066 STAVANGER

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2005/4143 - 2584/2014	Svein Fjelland - 56 32 66 55	08.02.2014

Bilediagnostikk i lokalmedisinsk senter

Vi både takkar og viser til møte 06.09.2013 mellom Helse Vest, Helse Bergen og Fjell kommune om mogeleg etablering av bildediagnostikk i det planlagde lokalmedisinske senteret på Straume. Konklusjonen den gongen vart at Helse Bergen skulle vurderer om eit senter for kreftdiagnostikk kunne leggjast til Straume. Den vurderinga låg føre i desember 2013 (jfr vedlegg) og enda opp med at eit slikt senter bør liggja på området til universitetssjukehuset.

Helseføretaket har med denne vurderinga og rapporten til Aslak Aslaksen frå feb 2011 vist ei seriøs interesse for at vi skal få til eit slikt lokalt tilbod og det er vi takksame for.

Men vi har ikkje tenkt å skrinleggja planane med å etablere bildediagnostikk i det lokalmedisinske senteret! For vi veit at Bergensområdet og særleg denne regionen vil få ein kraftig folkevekst i åra som kjem. Dessutan vil talet på eldre auka enno meir. Straume er alt på veg til å verta ein liten by og i 2017 byrjar arbeidet med å byggja ei ny Sotra-bru med tilførselsveggar. Difor vart vi ikkje overraska då Unilabs seinhaustes tok kontakt med oss og like etterpå melde Curato Røntgen si interesse. Ny regjering med større vekt på private løysingar er nok også ein del av bakgrunnen. I alle fall; i januar 2014 hadde vi separate møter med desse to private leverandørane av bildediagnostikk.

Begge leverandørane finn lokalisering til eit lokalmedisinsk senter som interessant. Dei ser at dette er ei framtidsløysing som vil koma andre strader også. Men samstundes understrekar dei at det må liggja føre ein avtale med det regionale helseføretaket som sikrar eit minstevolum av undersøkingar innan MR, CT, Ultralyd og Konvensjonell røntgen. Å driva utan slik avtale vert altfor risikofylt. Begge vil ta del i ein anbodskonkurranse om Helse Vest krev Straume som lokalisasjon i eit anbod.

Postadresse:
Postboks 184
5342 STRAUME

Telefon: 55 09 60 00
Telefaks: 55 09 60 01
www.fjell.kommune.no


Bankkonto:
Bankkonto for skatt:
Organisasjonsnr.:

8580 14 08600
6345 06 12466
951 996 777

Leverandørane ønske at kommunen som byggherre ikkje skal ferdigstillare arealet for bildediagnostikk, men leverte dei som rå-areal slik at dei sjølve kan innreia dei med tanke på maksimal driftseffektivitet og siste nytt på utstursfronten. Fjell kommune vil følgja dette rådet no når skisseprosjektet vert ferdigstilt til våren. Senteret vil kunna stå ferdig mot slutten av 2017.

På vegner av ordførarane i regionen torer vi med dette be om eit møte med Helse Vest for å drøfta oss fram til ei løysing. Vonar å høyra frå deg med det første.

Med helsing



Terje Handal
Helsesjef



Svein Fjelland
Spesialrådgjevar